

Kyrkje klokka

Nr 1 - 2019

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

83. årgang



Bruasetra, Hornindal - klar for innrykk til påska si gudsteneste

Oddny Torheim

*Den ultimate samaritan
under open himmel*

*Pasjon og påske
i Hornindal*



*Konfirmantane
tek ansvar!*

*Vern om skaparverket
Men vern også om dei
unge, for ungt liv kan bli
øydelagt av spekulantar!*



*Babysong i Betania
for babyar
i heile Indre Nordfjord*

«Å salige stund uten like» er en norsk påskesalme, skrevet av journalist og salmedikter Johan Halmrast i 1890.

Den er basert på Bibelens beretning om Maria Magdalena. Da påskesalmen ble publisert første

gang, hadde den overskriften «Maria Magdalenas jubel». Melodien er av Kristian Wendelborg, også den fra 1890. Den kom med i en rekke sangbøker, også i Melodiboken (1926). I Koralbok for den norske kirke (1926) står imidlertid en an-

nen melodi, av Ludvig Dahl. Først i 4. utgave av koralboken (1947) ble Wendelborgs melodi funnet akseptabel til kirkebruk, men uoffisielt var den for lengst tatt i bruk.

Å, salige stund uten like

«Maria Magdalenas jubel»

*Å, salige stund uten like, Han lever, han lever ennu!
Han vandrer i seierens rike, Min sjel, hvorfor sørger da du?
Han er ikke lenger i graven, Hvor bleknet i døden han lå,
Jeg levende så ham i haven, Og aldri så skjønn jeg ham så.*

*Han lever, og jeg skal få bringe Hans venner det salige ord -
Tenk, jeg som er ringest blant ringe, Den minste han kjenner på jord.
Tenk, jeg skal hans hilsen frembære, Å, kunne jeg synge det ut!
Å, kunne ei engler begjøre Å gå med så salig et bud!*

*Å, salige stund uten like, Han lever, han lever ennu!
Han vandrer i seierens rike, Min sjel, hvorfor sørger da du?
Du søkte din trøst i den døde, Og dvelte ved gravnatten kun,
Så fikk du ham levende møte, Å, salige, salige stund!*



*23. april kl 1900
kjem forestillinga om
Maria Magdalena
til Hornindal kyrkje*

Våren 2018 var forestillinga i Nedstryn kyrkje, og vi som var der fekk ei god oppleving! Fekk du det ikkje med deg då, får du ein ny sjanse no. Gå ikkje glipp av det, og inviter gjerne med ein ven. Dette vert fint!

«Maria Magdalena – Jesu virke» er nummer to i trilogien om Jesus.

Vi veit alle kva som skjer i evangeliet, men sjeldan får vi høyre det på denne måten. Historia om Jesus blir fortald gjennom kvinnene rundt han. I «Jesu

virke» er ordet gitt til Maria Magdalena som fortel historia som ei augevitneskildring. Ho fortel at Jesus redda henne fra galskap og prostitusjon, og at ho hadde eit nært forhold til han. Ho var kollega, ven og kvinne.

Det er natta før palmesøndag, og natta før Jesus og følget hans togar inn i Jerusalem. Maria Magdalena fortel om sitt første møte med Jesus, om hans virke frå han vart døypt av døyparen Johannes og om påskeveka.

Gjennom Maria kjem vi nærmare Jesus, men òg nærmare eit historisk faktum som ofte hamnar i skuggen. I følgjet til Jesus var det fleire kvinner som også hadde ein plass i lyssirkelen rundt leirbålet, som respekterte elevar saman med lærersveinane.

Av Håvard Rem
Omsetjing Asbjørn Lotsberg
Regi Marit Østbye
Med Reidun Melvær Berge
Kostymedesign Else Lund
Lysdesign Krystian Myska

Avisa Fjordingen (2018) om framsyninga:

«Ei overtydande og kjenslevå og vakker forestilling».

«Der skatten din er, vil også hjartet ditt vere. Den største skatten var å følgje Jesus. Forfattaren Håvard Rem tek oss med på ei reise tilbake i tid, til den tida då Jesus – og Maria Magdalena – vandra på jorda. Gjennom monologen, som Reidun Melvær Berge så mesterleg framførde i Nedstryn kyrkje onsdag kveld, fekk vi vere med Maria Magdalena. Vi fekk oppleve miljøet og høyre om dei hendingane som vi kjenner så godt frå Det nye testamentet, gjennom ei kvinne sine øye.»



Foto: Espen Nytingnes, Rakkar

Statistikk for 2018

	Olden m /Ljosheim		Innvik		Utvik		Innvik prestegjeld		
	2017	2018	2017	2018	2017	2018	2017	2018	
	Døpte	7	9	3	1	2	4	12	14
Døpte, bur i soknet	10	5	3	1	3	1	16	7	
Konfirmerte	9	12	11	4	3	4	23	20	
Vigde	7	6	2	1	1	1	10	8	
Gravferder	13	12	8	5	8	7	29	24	
Gudstenester	30	29	20	17	17	14	67	60	
Deltakarar ved gudstenester	2187	2215	1155	968	925	916	4267	4099	
Nattverdgjester	300	301	203	235	153	226	656	762	
Offer/kollekt	60529	61056	40159	37986	53343	41847	154031	140889	
Fasteaksjonen	14106	17100	10056	12598	12719	8803	36881	38501	
		Hornindal		Nordsida		Randabygd		Hornindal prestegjeld	
		2017	2018	2017	2018	2017	2018	2017	2018
Døpte	14	10	4	5	2	2	20	17	
Konfirmerte	19	21	3	7	3	2	25	30	
Vigde	3	1	1	0	0	1	4	2	
Gravferder	12	17	1	6	4	0	17	23	
Gudstenester	25	25	19	20	13	11	57	56	
Deltakarar ved gudstenester	2264	1938	1375	1476	547	456	4186	3870	
Nattverdgjester	142	204	346	278	53	73	541	555	
Offer/kollekt	87802	60861	54186	61965	9562	10809	151550	133635	
		Oppstryn		Nedstryn		Loen		Stryn prestegjeld	
		2017	2018	2017	2018	2017	2018	2017	2018
Døpte	7	7	19	17	6	11	32	35	
Konfirmerte	5	6	33	42	9	6	47	54	
Vigde	2	4	3	5	4	6	9	15	
Gravferder	9	8	18	20	9	8	36	36	
Gudstenester	18	21	47	48	17	17	82	86	
Deltakarar ved gudstenester	871	1016	4853	5530	1541	1522	7265	8068	
Nattverdgjester	299	245	925	970	181	157	1405	1372	
Offer/kollekt	29427	19744	105969	94274	36981	31639	172377	145657	

Tilsaman for alle tre prestegjelda Innvik, Hornindal og Stryn

	2017	2018	Endring 2017/2018
Døpte	64	66	2
Konfirmerte	95	104	9
Vigde	23	25	2
Gravferder	82	83	1
Gudstenester	206	202	-4
Deltakarar ved gudstenester	15718	16037	319
Nattverdgjester	2602	2689	87
Offer/kollekt	514839	458682	-56157



Kontortider - telefon - e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

Hornindal kyrkjekontor

Postadresse: Postboks 24, 6761 Hornindal
Besøksadresse: Smia

Stryn kyrkjekontor

Postadresse: Tonningsgata 4, 6783 Stryn
Besøksadresse: Rognehaugen 11
E-postadresse: kyrkja@stryn.kommune.no
Heimeside: www.stryn.kyrkja.no

Hornindal prestekontor

Nordsida - Randabygd - Hornindal
Tlf 57 87 98 33
Mobil 930 01 473
Sokneprest Hege Høibye
sokneprest@hornindal.kommune.no

57 87 61 82 Trusopplærar
Guro Petronella Enerhaug
guro.enerhaug@stryn.kommune.no

Stryn kommune

Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri
Tlf 57 87 61 84
Mobil 913 27 882
kari.muri@stryn.kommune.no
57 87 61 80 Telefonsentral
57 87 61 81 Sekretær Margrete Lillestøl
57 87 61 81 (Onsdagar) Sekretær Anne L.
Honningsvåg

Hornindal kommune

Kyrkjeverje Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf 57 87 98 34
Mobil 970 84 120
Måndag og torsdag kl. 09 - 14
anne.lodemel.honningsvag@hornindal.kommune.no

Innvik prestekontor

Olden - Utvik - Innvik
Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Tysdag, torsdag og fredag kl 10 - 12
runde.harald@gmail.com

Trusopplæring

57 87 61 83 Kateket
Beate Nes
beate.nes@stryn.kommune.no

57 87 61 80 kyrkjelydspedagog
Martine Bø Solbakken
martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no

Kyrkjeklokka

Web: www.kyrkjeklokka.no

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal og Stryn kommunar

Redaktør for dette nummeret er:

Knut Sigurd Gald
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsførar abonnement/adresseendring:

John Selmer Skiftesvik
6788 Olden. Tlf 990 28 076
john.skiftesvik@enivest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenenten er frivilleg.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kyrkjegardane

Treng du hjelp til å stelle gravene?

Fellesrådet tilbyr

Stell-avtale

Pris: kr. 1200 pr.år.

Kyrkjegardsarbeidarane plantar,
vatnar og vedlikeheld plantefel-
tet vår, sommar og haust.

Fond-avtale

Vil du sette av ein større sum til
festeavgift og/eller stell av gra-
ver over eit lengre tidsrom?

*Ta kontakt med kyrkjekontoret om du vil inngå avtale eller ynskjer meir
informasjon.*

Tlf: 57876180 E-post: kyrkja@stryn.kommune.no

Web: www.stryn.kyrkja.no



Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



Dåp – barnet skal få bestemme sjølv

Det er ein god tanke at barnet skal få bestemme sjølv om han eller ho vil høre til i kyrkja. Mange foreldre tenkjer at når barnet blir større skal det få velje. Sjølvsagt skal ein ta barnet sine ynskje og behov på alvor, men foreldre gjer mange andre val for barnet sitt, og dei er ikkje alltid så redde for å ta ei avgjerd. Kva skal forresten det udøypte barnet velje mellom når det har alderen til å ta standpunkt? Kva føresetnader har barnet for å velje kyrkja, kristendommen eller trua på Gud om det ikkje har fått opplæring?

No skal eg ikkje «skjere alle over ein kam», som det heiter. Ikkje alle som vel å avstå frå barnedåpen let vere å lære opp borna sine. Det er fullt muleg å gi borna både allsidig og god opplæring i kristendom heime, og det kristne barnearbeidet er absolutt ope for dei udøypte. Lat no det vere sagt.

Men frå kyrkja si side er det no blitt meir komplisert å invitere til trusopplæring. Vi får ikkje lenger beskjed om born som er fødde av foreldre som er medlemmer i kyrkja. Det fekk vi heilt til for eit år sidan. Medlemsregisteret viser ikkje lenger såkalla tilhøyrande born. Det er slike som er fødde inn i ein familie der minst ein av foreldra er medlem i kyrkja. Vi får no berre vite om dei som alt er døypte, der foreldra har funne fram til kyrkja sjølv og bedt om dåp.

Dei døypte blir invitert til trusopplæringa. Kvart år får dei vere med på ei hending i kyrkja, for å bli kjende med sjølve huset, med gudstenesta og den kristne trua. I dei små bygdene er det framleis slik at foreldre eller soknerådsmedlemer som har god oversikt over borna i dei ulike aldersklassane inviterer også dei udøypte til desse samlingane. Det er sjølvsagt heilt legitimt, dersom foreldra tillét det, men på større stader har ingen den oversikten. Dei udøypte borna går glipp av den opplæringa og dei opplevingane som kan gi grunnlag for å velje.

No er det svært lett å melde seg ut av kyrkja. Det kan gjerast på nett, i ei handvending. Det er

meir styr å melde seg inn som vaksen eller når ein eventuelt finn ut at ein vil bli konfirmert. For medlemsskap i kyrkja føreset dåp. Og vi døyper. Store born, ungdommar og vaksne kjem no og då til kyrkja og vil bli døypet fordi dei ynskjer medlemsskap. Dei finn ut at dei vil høre til i dette fellesskapet og vere med å ta vidare dei verdiane som samfunnet vårt byggjer på.

Dåp av vaksne er ikkje ukjent i kyrkja vår. Berre i år har vi hatt fleire tilfelle av vaksendåp i vårt nærområde. Og vi vil invitere til Drop-in-dåp enno ein gong. Gjennom dåpen blir vi medlem av kyrkja og den lokale kyrkjelyden. I dåpen tek Jesus i mot oss og gir oss fellesskap med seg sjølv. Vi blir velsigna med korset som eit teikn på at vi skal tilhøyre Jesus Kristus. Kyrkja ønskjer at alle døypte skal få opplæring i den kristne trua og bli ein aktiv del av den lokale kyrkjelyden. I den lutherske kyrkja er dåpen eit sakrament, ei heilag handling der Gud gir oss sin nåde.

Den som melder seg inn i kyrkja viser og ei tru på at kyrkja spelar ei positiv rolle i samfunnet vårt. Det blir ei støtte til denne institusjonen som gir ringverknader ut over at ein sjølv er medlem. Er desse ringverknadane positive eller negative? Det må kvar enkelt vaksen sjølv ta stilling til når dei vel dåp eller ikkje, for seg sjølv eller barnet sitt.



Oddny Torheim Den ultimate samaritan under open himmel

Tekst og foto: Geir Ståle Vatnamo

«Her går ein trufast gjeter og passer sine lam» – syng borna i ein song. Kvar einaste vår er Oddny fødselshjelp/jordmor i sauefjøset til bror sin i Utvik. Ho gjer det for å hjelpe, seier ho. Og dette er Oddny i eit nøtteskal. Ho er opopfrande til fingerspissane. Det ho gjer – gjer ho stort sett for å hjelpe andre. Når nokon ho kjenner har fødselsdag, bankar ho gjerne på døra og avleverar ei nybaka kake. Er nokon i sorg – og ho veit kven dei er oppsøker ho dei og gjev trøyst. Ofte lagar ho bårebukett frå eigen hage og legg ved eit vel gjennomtenkt bibelvers til oppmuntring.

Redaksjonen i Kyrkjeklokka er svært takksam for alle dei artiklane som Oddny har bidrøge med frå omkring år 2000 under tittelen «Oddny under open himmel». Og når ein les desse artiklane merkar ein fort at dette er eit menneske som har omsut for alle. Ho er svært jordnær og opptatt av skaparverket. I nr 3 av Kyrkjeklokka i år 2003 skriv Oddny fylgjande: «Gud er framleis skaparen. Våren er ei fantastisk tid. Då yddar det fram der det såg dødt ut. Det grønkast, røter set nye skot og mange, mange frø spirer. Dei veit kva som er opp og ned, - og i frøa er «innlogga» korleis planten skal sjå ut. Fantastisk utenkt. Eg gler meg når april tek til. Då leitar eg fram berenettet med glas og posar med frø som er samla inn om hausten. – Å få leggja dei i molda, gjev meg livsmot og arbeidsvilje».

Oddny skriv vidare:

«Det er ikkje rart at blomane og fuglane er bilde på Guds omsorg. Legg merke til liljene på marka, korleis dei veks. Dei strevar ikkje og spinn ikkje. Gud som kler liljene på marka, han vil med smil i auga og omsorg i hjarta kle sine born. Han veit kva du og eg treng, eller vi kan gå til han med våre behov. Fortel



Friluftsgudsteneste på Utvikfjellet i 2011

han alt, vondt og godt. Han høyrer på oss. Lat oss gje han ære og takk for vokster og omsorg i skaparverket!»

Norgesrekord?

I 42 år var Oddny med i soknerådet i Utvik. Derav 30 år som leiar. Ho var m.a. med og skaffa kyrja tekstilar i liturgiske fargar, samla inn pengar til piano, orgel og benkeputer. Sjølv har ho sydd alterduk i Hardangersaum. Oddny er glad for at bygdefolket, El-verket og Bygdekvinnelaget har vore så eineståande til å gje pengegåver. Oddny skriv vidare: «Samarbeid er viktig. Ein må ha respekt for kvarandre. Lytte til kvarandre. Planlegge i god tid og fordele oppgåvene. Ingen kan alt, men alle kan noko. Hugs at kyrja har ein livsviktig bodskap å formidle. Det kan gjerast gjennom ord, song, musikk, bilde og estetiske opplevelingar og i omsorg og diakonalt arbeid.»

Kongens fortunestemedalje

Når ein i tillegg veit at Oddny har vore lærar i over 40 år både ved Olden skule og Utvik skule, leiar for Yngres-laget i 30 år og mange år kasserar for Lærerinnenes Misjonsforbund – blei det heilt naturleg for soknerådet å sende brev til Hans Majestet Kongen og söke om fortunestemedalje. 17. mai i 2012 overrakte ordførar Sven Flo Kongens

fortunestemedalje til Oddny Torheim. Avisa Fjordingen siterte den gong ordføraren som understreka at medaljen er eit synleg prov på at heimbygda set pris på innsatsen hennar. Ho har alltid vore ein motor og eit lim i lokalsamfunnet.



Oddny får blomar til 70 - årsdagen



Oddny tenner ljós i ljosclobben

Pasjon og påske i Hornindal

Av Hege Høbye


Vi er vane med å tenkje på «påska» som tida det er påskeferie; frå Palmesøndag til 2. påskedag. Det stemmer ikkje heilt, for påska byrjar ikkje før påska blir ringt inn Påskeaftan, og påsketida er frå Påskedag og fram til Helgetorsdag. I kyrkja kallast difor tida mellom Palmesøndag og Påskedag for pasjontida, eller den stille veka. I år blir det i Hornindal gudsteneste på dei fleste helgedagane i pasjontida. Desse dagane heng saman; dei fortel kvar sin del av historia om Jesu liding, død og oppstode, og den fulle historia og samanhengen kan vi berre sjå når vi deltek på dei alle. Det er på same vis som ein TV-serie som består av episodar som kvar har si oppbygging og dramaturgi, men kvar episode hører inn under ei større oppbygging og dramaturgien i historia til heile serien.

Kvar gudsteneste er ein episode i den større historia, og har kvar sin tradisjon og sitt sær preg. Tre av gudstenestene heng særleg tett saman. Dei var kalla triduum på latin – tre dagar – og strekkjer seg frå Skjærtorsdag til Påskedag - men det er særleg gudstenestene Skjærtorsdag, Langfredag og påskennatta vi snakkar om. Desse tre gudstenestene er ikkje tre gudstenester, men ei gudsteneste fordelt på tre dagar. Der den eine sluttar, byrjar den neste. Dei tek også gjerne i bruk fleire teatrale verkemiddel; gudstenestene er det vi kan kalla illustrert liturgi. Vi skal oppleve dramaet og mysteriet i påska, meir enn berre å høyre om det. Sjølv om vi bruker verkemiddel frå teater og scene, så er ikkje gudstenesta eit teaterstykke. Likevel, som i et teaterstykke vert vi inviterte til å

oppleve hendingane, og slik kan Guds gjerningar bli openberra for oss. Logikk og læresetningar kan ikkje forklare oss kva det heilage er, men liturgien openberrar og lærer oss det gjennom opplevelinga, gjennom sansane våre og handlingane vi tek del i. Der teateret let oss oppleve ein fiksjon, blir vi i gudstenesta stilt andlet til andlet med Det Verkelege, Han som er. På fagspråket vert dette kalla anamnese, eit gresk ord som betyr «påminning» eller «å kome i hug». Men det er meir enn berre det å hugse; det er ei handling der dei eller det som blir hugsa, vert gjort verande til stades, vert del av det som skjer her og no. I gudstenestene i påska og i den stille veka blir vi ikkje berre minne om kva som ein gong hende, men hen-

dingane kjem og fram for oss her og no! Palmesøndag går vi inn i Jerusalem med palmegreiner og hosianna-rop. Om veret tillèt det, byrjar vi ute på kyrkjegarden med palmegreiner og går inn i kyrkja medan vi syng. Det er Jesu triumf og, der han blir hylla som Messias, men det er også byrjinga på pasjonstida. Palmesøndag peikar fram mot Langfredag. Bak hosianna-ropa ligg eit anna rop: «Krossfest!», og han som var hylla som konge, vil bli krona med tornar. Inskripsjonen på korset var «Kongen over Jødane». Frå denne dagen vert kyrkjeklokka dempa, og vi går inn i den stille veka. Skjærtorsdag feirar vi nattverden og Jesu siste måltid med disiplane.

I Hornindal er det tradisjon å ha friluftsgudsteneste på Bruase-




tra den dagen, og den gudstene-
sta følgjer eit litt anna opplegg
enn gudstenestene i kyrkja. Den
dekkjer heile den stille veka og
påska under eitt. Men vi feirar
også Skjærtorsdag med kvelds-
gudsteneste i Nordsida Kyrkje.
Denne gudstenesta er den før-
ste av triduumgudstenestene.
Vi et kveldsmat saman. Vi får
oppleve Jesus som vaskar føtene
til disiplane. Etter maten les vi
Jesu avskjedstale til disiplane og
ryddar alteret før alle lys i kyrkja
vert sløkte. Vi går inn i Getsema-
ne, i mørket den natta Jesus vart
sviken og alle disiplane rømde.
Skjærtorsdag peikar fram mot
påska sitt håp, mot oppstoda og
lyset påskemorgon, men mel-
lom dei ligg Langfredags mørke
og sorg. Langfredag er den gud-
stenesta som skil seg mest ut. I
Hornindal feirar vi den også om
kvelden. Alteret er nakent og
utan alterlys, slik det vart rydda
Skjærtorsdag, og lysa i kyrkja er
også dempa, men krossen der
Jesus heng er trekt fram. Vi les
heile lidingshistoria, fordelt mel-
lom dei forskjellige stemmene i
forteljinga: evangelisten, folket
og Jesus. Denne dagen har ikkje
preika ord, men vi kan få knele
ved Jesu kross. Vi syng langfre-
dags salmar, og vi får følgje Jesus
heilt fram til grava inne i alter-
ringen og legge ned blomster.
Vi avsluttar der, i mørket og
stilla ved grava. Stilla ved grava
fortsett Påskeaftan: dette er den
dagen Gud er død. Men likevel
er det ikkje ein passiv dag. I den
ortodokse tradisjonen er dette
dagen der Gud handlar i det
skjulte og Jesus trakk ned dø-
den. Når påska blir ringt inn,
klinger kyrkjeklokka igjen med
full lyd, og før middnatt, kl. 23:00,
samlast vi igjen i kyrkja for å fei-
re påskennatt. Kyrkja er framleis
mørk, men alle får ukveikte lys
i hendene. Utanfor kyrkja – eller


ved inngangen – vert påskelyset
tent, Kristuslyset som skal bren-
ne i heile påsketida. Vi ber det
inn i kyrkja og der får alle tenne
lysa sine med eld frå Han som
er lyset for verda. Mens berre
stearinlysa skin, syng vi påske-
lovsongen, Exultet, og vi les frå
den gamle pakta, frelseshistoria
frå skapinga og gjennom Det
gamle Testamentet. Før vi les
frå Det nye Testamentet, syng vi
for første gong Gloria, som ikkje
lyder i fastetida, lysa på alteret
blir tende og alt lys i kyrkja kjem
på. Dette er det store vendepunktet,
frå mørker til lys, frå død til
liv: «Kristus er oppstanden fra
dei døde! Med døden trampa
han ned døden, og dei som var
i grava gav han liv.» (Påskesong
frå dei ortodokse kyrkjene).

Etter dette er det fest i guds-
tenesta. Vi minnast og stadfe-
ster dåpen og blir stenka med
vatn for å minnast vår eigen dåp.
Elementa – brød og vin – vert
borne fram til alteret og vi får
smake det himmelske måltidet;
nattverden. Etterpå går vi ut på
kyrkjegarden og syng om Kristi
oppstode og helsar kvarandre
med den gamle påskehelsinga:
«Kristus er oppstanden!» og
svarar: «Ja, han er sanneleg opp-
standen!» Påskedag er den store
festdagen, med høgtidsgudste-
neste der vi syng påskesalmar.
Det er Påskedag som er grunnen
til at vi feirar gudsteneste sön-
dagar; dagen for Jesu oppstode.
Den første dagen i veka, første
skapardagen då lyset vert skapt,
men også den åttande dagen;
dagen for nyskapinga. Dagen då
verda skal verte skapt på ny, og
død og vondskap skal ta slutt.
Den stille veka og påskas guds-
tenester har fleire trekk som
skil seg frå dei andre dagane i
kyrkjeåret. Dei kan krevje litt
meir, men er også mellom dei
mest gjevande gudstenestane

å bli kjend med. Derfor vil vi i
Hornindal i år invitere til ei sam-
ling for dei som har lyst til å vere
med på å planleggje og delta på
ei eller fleire av gudstenestene.
Det vil bli onsdag før Palmesøn-
dag. Detaljane er ikkje heilt klare
når Kyrkjeklokka går i trykken,
men presten i Hornindal vil ha
meir informasjon. Påska er den
største og eldste kristne høgtida.
Påskebodskapen er det første
evangelium, gode nyheter; Je-
sus er oppstanden! Døden er
overvunnen og livet har vunne.

Påsketida byrjar påskedag; tida
når den oppstandne går iblant
oss og møter oss. Han er håpet
bakom død og grav, lyset som
skin i mørket. Og mørket har
ikkje overvunne det.





DEN NORSKE KYRKJA
Nordfjord prostiråd
Sekretariat: Anna Marie Skogli Vatnamo
Skåden, 6793 Innvik
e-post: skogli.vatnamo@gmail.com - tlf.: 993 64 660
Bankgironr. Nordfjord prostiråd : 3790.30.25590

Saman vil vi ære
den treeinige Gud
ved å
forkynne Kristus
byggje kyrkjelydar,
og fremje rettferd



ÅRSMELDING 2018 FOR NORDFJORD PROSTIRÅD

Nordfjord Prostiråd hadde følgjande medlemer i 2018:

Bremanger:

Ellen O. Isene
1. vara: Bjørg O. Dombestein, 2.vara: Olav J. Frøyen

Hornindal:

Rune Berglid
1. vara: Reidar Sørland, 2. vara: Elsa A. Ommedal

Selje:

Roald Halsør
1. vara: Ove Magnus Årvik, 2. vara: Magnar Barmen

Vågsøy:

Kristine Schielderup
1. vara: Bjørn Eide, 2. vara: Terje Kolseth

Eid:

Reidun Borgestrand
1. vara: Torfinn Myklebust

Stryn:

Svein Rønne
1. vara: Marie Johanne Folven, 2. vara: Jorunn B. Loen

Innvik:

Anna Marie S. Vatnamo
1. vara: Turid L. Franzen, 2. vara: Møyfrid S. Kvamme

Gloppen:

Anna Karin W. Hansen
1. Vara: Venke Kollbotn, 2. vara: Arne Høiland

Representant for kyrkjeleg tilsette:

Kristen Hundeide
1. vara: Knut Arne Vadøy, 2. vara: Eline Sandnes

Representant for prestane:

Mari Saltkjel
1. vara: Vidar Bjotveit, 2. vara: Tore Myklebust

Prosten i Nordfjord:

Rolf Schanke Eikum

Rådet har fordelt leiaransvaret slik:

Kristen Hundeide, leiar, Svein Rønne, nestleiar, Anna Marie S. Vatnamo, sekretær, Elsa A. Ommedal, kasserar og rekneskapsførar
AU er samansett av leiar, nestleiar, prost og sekretær

Arbeidet i rådet:

Dette året (etter årsmøtet 19. april 2018) har prostirådet hatt 1 møte. Totalt er det handsama 6 saker i 2018/19. Prostirådet er eit forum for informasjon og utveksling av gode idear i prostiet, og skipar til Kyrkjedag for Nordfjord kvar haust, og årsmøte for prostiet.

Prostirådet støtta kunstlotteriet Seljumannamesskomitten hadde i 2018 for å rette opp økonomien. Vi oppmodar om at sokna støttar dette arbeidet også i 2019.

Fellesmøtet/årsmøtet 19.04.2018. Årsmelding og rekneskap vart samråystes godkjent. Det var ikkje val dette året. Prosten orienterte møtelyden om aktuelle saker: Tal frå årsstatistikken: Dåpstala og konfirmantkulla er litt lavare enn året før. Deltakrar på alle gudstenester gjekk ned, trass i at det var fleire gudstenester. Fleire nattverdgjester. Takkoffera gjekk opp ein del i forhold til året før. Talet på utmelde gjekk ned i forhold til året før. Talet på vigsler har hatt ein svakt oppgående trend. Utfordring framover: rekruttering av prestar, kateketar og andre kyrkjeleg utdanna personell. Truleg høyring om ny kyrkjeordning til hausten.

Kyrkjedag for Nordfjord 2018

Kyrkjedagen var i 2018 på Seljumannamessa 8. juli, i staden for å arrangere ein eigen dag. På Seljumannamessa var 950-årsjubileum for Bjørgvin Bispedømme markert. Det var besøk av dronning Sonja, biskopen i Bjørgvin og fleire prominente gjester. Bergen Domkor deltok med song.

Foredrag: v/Eyvind Skeie: Tema: «Eit liv med salmar». Ein engasjert Eyvind Skeie fortalte om bakgrunnen for nokre av salmane, las dikt og vi tok del i salmane. Ei lærerik og inspirerande stund.

Prostirådet er også medansvarleg for Seljumannamessa med tilhøyrande kultur-arrangement (eiga årsmelding til Prostirådet). Prostirådet takkar for godt fellesskap og samarbeid i Nordfjord i 2018.

Kristen Hundeide

Anna Marie S. Vatnamo

Babysong i Betania for babyar i heile Indre Nordfjord

Tekst: Martine Bø Solbakken

Tre tysdagar i månaden samlast babyar/foreldre/besteforeldre til babysongsamling i Betania i Stryn. Der syng vi både kjende og nye barnesongar, har litt aktivitetar og let babyen få kjenne på rytme og bevegelse til musikk. Det er dei små som deltek og er i hovudfokus, men samlinga inviterer også til eit sosialt felleskap for dei vaksne.

Dette året har vi samla babyar frå omrent alle sokna, og slik er det ein stad for foreldre å kome og treffe nye ansikt og prate med andre i same livssituasjon. Etter songøkta er det sosialt samvere for både små og store, med enkel servering og nistelunsj.

- Ein ekstra velkommen til nye babyar med foreldre!
- Når? Tre tysdagar i månaden, kl. 11.30 (sjå plan)

- Kvar? I Betania i Stryn sentrum
- For kven? For alle babyar og foreldre/besteforeldre i heile indre Nordfjord

- Kvifor? Gjennom song knyttast kontakt mellom foreldre og barn. På same tid er musikk eit rom der barnet får moglegheit til å uttrykkje og utfalde seg. Det sosiale aspektet har ei sentral rolle i babysongen. I musikken er ein saman om noko. Ein deler ei felles oppleving og skaper noko saman. Musikk og babysong gjev difor born og foreldre eit rom der dei kan vere saman og bli endå betre kjende. (www.kyrkja.no)



BABYSONG VÅREN 2019

Tre tysdagar i månaden, kl. 11.30-12.30

Med etterhald om endringar. Følg med på [Facebooksida Stryn Babysong](#).

Månad	Dato	Kva? Kvar?
Januar	15/01	Babysong, Betania
	22/01	Ikkje babysong
	29/01	Babysong, Betania
Februar	05/02	Babysong, Betania
	12/02	Babysong, Betania
	19/02	Vinterferie. Ikkje babysong.
	26/02	Babysong, Betania
Mars	05/03	Babysong, Betania
	12/03	Ikkje babysong
	19/03	Babysong, Betania
	26/03	Babysong, Betania
April	02/04	Babysong, Betania
	09/04	Babysong, Påskesamling på Omsorgssenteret (Følg med på Facebook-sida)
	16/04	Påskeferie. Ikkje babysong
	23/04	Babysong, Betania
	30/04	Ikkje babysong
Mai	01/05	Familiedag ved Sagedammen (oms) (Følg med på Facebook-sida)
	07/05	Babysong, Betania
	14/05	Babysong, Betania
	21/05	Babysong, Betania
	28/05	Ikkje babysong
Juni	04/06	Sommaravslutning. Vi deler ut gáve til babyen ☺ (Følg med på Facebook-sida)

Vel møtt til både små og store!

 DEN NORSKE KYRKJA
Stryn kyrkjelag fallentråd





Tårnagenthelg 2019

Tekst: Martine Bø Solbakken



Denne vinteren vert det arrangeret Tårnagenthelg i tre kyrkjer: Hornindal, Olden og Nedstryn.

Helga 26.-27. januar var det samla 16 «Tårnagentar» (3. og 4.-klassingar) i Hornindal kyrkje for å utforske kyrkja, Bibelen og klokketårnet. Dei var agentar og måtte løyse ulike oppdrag og mysterium i lag, som å finne den forsvunne kyrkjeskatten, gå på symboljakt, utforske klokketårnet og vere agentar i gudsteneste.

Det aller siste oppdraget, «Oppdrag Superhelt», vert løyst i fastetida, og tårnagentane vert då utfordra på å vende auga utover og jobbe for å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon som er 7.-9. april.

- Tårnagenthelg i Olden: 5. mars
- Tårnagenthelg i Nedstryn: 23.-24. mars



«Vi tror barn er skapt med en rettferdighetssans og behov for å hjelpe andre. Fastetidens superhelter er barn som ser og hører hva som skjer i verden, og som med hjerte og handling vil engasjere seg.»
fasteaksjonen.no/superhelt



Bjarne Tonning (1929-2018)

I teneste for kyrkja i 44 år – frå 1958 til 2002

«Nokre av mine beste barndomsminne er knytte til denne kyrkja og til pappas speleoppdrag», sa Trude Tonning i faren si gravferd i Nedstryn Kyrkje den 4. januar. «Mang ein søndag var eg med hit opp, sat på galleriet ved sida av orgelet på ein klappstol og song salmar av full hals. Brudevigslar var ekstra stas. Kvar julaftan var eg med på gamleheimen for å spele jula inn på klokkespelet der». Og det er slik dei fleste av oss hugsar Bjarne Tonning – tenestevillig, jovial, kunnskapsrik, elegant i all si ferd som ein ekte gentleman – og framfor alt musikalsk.

Det at han elskar musikk, roser, menneske, god mat, godt drikke, godt lag og gode historier – og var ein livsnytar, var også noko av det Trude framheva i talen sin.

Som barn viste Bjarne Tonning særlig interesse for musikk, og evnene hadde han. Det begynte med gitar, seinare vart det også tangentinstrument som orgel og piano. Når han fortalte om livet sitt, nemnde han gjerne «syvogfør», som han sa – det året han som 18-åring kom inn ved Musikkonservatoriet i Oslo, og han begynte etter kvart i urmakarlære med sikte på å finansiere studia. Det var også i Oslo han møtte Tove, og etter ti år i hovud-

staden flytte han tilbake til Stryn og starta forretninga si «Bjarne Tonning – Ur & Musikk». Den heldt først til i vestenden av det huset som no heiter Telegrafen og hyser Stryn Frivilligentral, men flytte seinare bort i det såkalla «Bringsvorbygget» der Design Studio er å finne i dag. Her dreiv han forretning i mange år før han «trappa ned og flytte opp ein etasje», som han sjølv sa det med eit smil. Han vart ikkje skikkeleg pensjonist før han var 85 år og avvikla butikken i 2014, litt under press frå Trude, fordi helsa etter kvart hadde begynt å skrante. Men noko av urmakarstyret tok han med seg heim – og han er vel ein av dei få i Stryn som hadde eit skikkeleg flygel i stova si.

I minneordet han skreiv i Fjordingen 8. januar har Leif Vinsrygg oppsummert innsatsen til Bjarne svært oversiktleg og treffande. Så kan ein berre ramse opp alt han hadde å gje til det frivillige musikklivet: Stryn Strykeorkester, fast pianist frå 1944 til 1970. Stryn Musikklag, dirigent 1967-1978, Stryn Blandakor, fast akkompagnatør i mange tiår. Det same for mannskor og damekoret. Som takk fekk han korforbundet si fortenestemedalje etter 40 års innsats. Det har gått uhor-

veleg mange ulønna timer til øvingar og framföringar! Han var fast pianist i Sogn og Fjordane Storband i ein tiårsperiode. Han var initiativtakar til dei årlege julekonsertane, der kor, korps og solistar har sunge og spelt jula inn. For den store innsatsen sin som organist, forretningsmann og musikalsk krumtapp, fekk han Stryn Kommune sin kulturpris i 1997. Bjarne Tonning fekk Kongens Fortenestemedalje i 2002.

Gravferdstalen avslutta Trude slik – «Torsdag 20. desember vart pappa akutt därleg. Han vart innlagt på Eid dagen etter, og det viste seg å vere både lungebetennelse og eit stort hjerteinfarkt. Heldigvis fekk vi vere ilag mykje desse siste dagane. Han syntest å vere i betring, men sovna stille inn medan hansov på morgonkvisten jul-aftan. Det er tungt å miste ein kjær far og god ven, men samtidig er eg takksam for at vi fekk såpass mange gode år ilag, og eg kjenner kanskje ei lette over at han slapp å bli liggande med mykje smerter og liding. Siste kvelden han levde, fekk han inn ein radio på rommet sitt og lytta på klassisk musikk til han sovna.»

- Redaksjonen v/ Olav R



Bjarne Tonning i velkjend situasjon, spelande på piano
Foto: Leif Vinsrygg med velvilleg utlån frå avisas Fjordingen



På lag med
**Stine Sofies
Stiftelse**

Fakta om vold og overgrep

Fysisk vald er når nokon slår, sparker, luggar, klyp eller gjer andre ting som gjer vondt på kroppen. I Norge er det ulovleg at vaksne slår eller gjer andre vonde ting mot born.

Psykisk vald er visst nokon seier nokke som gjer at du får vondt innideg. Det er ikke berre stygge ord som kan gjere vondt, men nokre barn kan oppleve at foreldre overser dei og latar som om dei ikkje finns.

Seksuelle overgrep er når ein voksen tek deg på private stader mot di vilje. I Norge er det ulovleg at vaksne beføler barn mot deira vilje. Dei vaksne seier ofte at dette må bli ein hemmelegheit, for dei veit at dette er ulovleg.

Midt i mørket er temaet for årets konfirmantmusikal.

Gjennom konfirmantmusikalen samlar vi inn pengar til Stine Sofies stiftelse.

Vald og overgrep angår deg og meg. I følgje statistikken vert 10 % av alle barn utsatt for vald eller overgrep. I gjennomsnitt vil

Konfirmantane tek ansvar!



det seie 2 stykk i kvar skuleklasse. Det betyr at det er stor sjanse for at du kjenner nokon som vert utsatt for vald eller overgrep.

Stine Sofies Stiftelse vart etablert i 2000, etter at Stine Sofie (8) og Lena (10) vart brutalt voldtatt og drept i Baneheia i Kristiansand. Stiftelsen vart grunnlagt av Stine Sofies mor, Ada Sofie Austegard, og av Bente Bergseth, som sjølv har opplevd vold i barndommen. Dei jobbar med å førebygge og avdekke vald og overgrep mot barn - og ivareta dei valdsutsette

barna. I dag jobbar det omlag 40 menneske i stiftinga, og i 2016 opna Stine Sofie Senteret - verdas første kurs- og mestringscenter for valdsutsette barn. Stine Sofies Stiftelse har også eit samarbeid med «Helsesista» som mange kjenner frå snapchat.

Målet med innsamlinga er å skape håp for dei som vert utsatt for vald og overgrep. Vi håpar at alle som kjem på musikalen tek med pengar til innsamlinga, så vi saman kan vere med å gjere en forskjell.

Helsing innsamlingsgruppa:

Emma Dorthea, Laurits, Åshild, Sondre, Karl, Knut-Bjarne, Sander og Emil

Dåp - ein god start på livet

I 2019 er dåp eit satsingsområde for kyrkja sentralt, og vi ynskjer at det også skal vere det her lokalt.

Sjølv om det framleis er sånn her hos oss at dei fleste vel å døype barna sine, ser vi at dåps-tala også her går ned. Frå 1.10.18 får vi ikkje lenger melding om barn som vert født og som har

foreldre som er medlemmer i kyrkja. Det er derfor vanskelig å nå ut med informasjon om dåp og trusopplæring. Vi må derfor tenke nye måtar å nå småbarnsforeldre på. I tillegg må vi passe på at informasjon om dåp er lett tilgjengelig, og vi må snakke om dåp og kva den betyr. Mykje av dette kan gjerast utan at det skal

koste mykje pengar, men vi har også nokre idéar som vil koste litt pengar. Vi lurer difor på om det er nokre der ute som kunne tenke seg å vere med å løfte fram dåpen, med å bidra med ei pengegåve. Ta kontakt med Kyrkjeverje eller kateket om du vil vite meir.

Vil du vere med å løfte fram dåpen med å bidra med ei pengegåve
Ta kontakt med Kyrkjeverje eller kateket om du vil vite meir

Samlinga er for familiar
frå heile Indre Nordfjord

Trusopplæringsutvalet invitera på nytt til familiedag ved Sagedammen 1.mai.

I fjor var vi nesten 100 menneske i alle aldrar samla til ein fin dag. Trusopplæringsutvalet inviterar til ein spennande familiedag ved Sagedammen.

Det vert spennande program i amfiet, båt laging og kanskje ein liten konkurranse, spikking, grilling, leik og moro. Samlinga er for familiar frå heile Indre Nordfjord. 2. klassingane er spesielt invitert, men vi håper å sjå store og små uansett alder til ein kjekk dag ved sagedammen.



Det er makt i de foldede hender...

Vi veit at det allereie er mange som ber for trusopplæringsarbeidet i Indre Nordfjord, det er godt å vite! Takk for det viktige arbeidet de gjer, vi håpar de vil halde fram med dette! Vi trur bønn utgjer ein skilnad, og er takksame for all den tid og omtanke som blir lagt ned i denne viktige tenesta. I denne spalten vil vi dele nokre bøneemne med dykk. I dette nummeret vil vi særleg minne om desse punkta:

- Årets konfirmantkull med mu-

sikal og konfirmasjonsdagen

- Familiedagen ved Sagedammen 1. mai
- Ten Sing og Soul Children
- Stab av ansatte og frivillige

Vi ønskjer å knytte til oss nokre som kan tenke seg å gå inn i ei meir fast bønenest for trusopplæringa. Vi vil med jamne mellomrom sende ut e-post med oppdateringar og meir konkrete bønneemne. Om du kan tenke deg å vere ein slik forbedar, er det fint om du tar

kontakt på e-post: beate.nes@stryn.kommune.no

Bøneemne

- Årets konfirmantkull med musikal og konfirmasjonsdagen
- Familiedagen ved Sagedammen 1. mai
- Ten Sing og Soul Children
- Stab av ansatte og frivillige

Kyrkjehelg for funksjonshindra

Av Hege Høibye

Kvart år inviterer kyrkja i Indre Nordfjord til ei kyrkjehelg der vi legg særskilt til rette for dei som har psykiske funksjonshindringar. Kyrkjelydane tek ansvar kvar sin gong, og i år var det kyrkjelyden i Nordsida sin tur til å vere vertskap. Med meg som prest.

I år var kyrkjehelga langt til den første helga i februar, 2.-3. februar. Vi møttest på Betania i Stryn på laurdagen for å forberede gudstenesta, eta og vere saman. Eg har sjølv ikkje vore med tidligare, så for meg var det særleg kjekt med samlinga på førehand slik at eg kunne bli litt kjent med dei som kom. Og dei var ein flott gjeng!

Liturgisk hjørne

Nattverden er eit stort tema som eg nok kjem tilbake til fleire gonger. Nattverdsliturgien har mange ledd som kvar har sine tydingar og detaljar, og temaet er for stort til å kunne innehalde berre eitt aspekt ved det heile. Derfor vil eg her peike særleg på plasseringa i gudstenesta, og korleis nattverden og påska heng saman. Nattverden er eitt av sakamenta i kyrkja vår, og eitt av dei som nær alle kyrkjesamfunn feirar, sjølv om ikkje alle er samde om kva det betyr og korleis det skal gjerast. Dei fleste er einige om at nattverden er eit måltid til minne om Jesu siste måltid med disiplene. Her er samanhengen til påska og pasjonstida tydeleg: Jesus åt det siste måltidet under den jødiske påska – pasach – der påskemåltidet er det viktigaste og skal minne dei om utgangen frå Egypt. Det var det siste han gjorde før han vart krossfest. Og i evangeliet etter Lukas, kan vi lese at Jesus seier «Gjer dette til minne om meg.» (Luk 22, 19b)

Med meg hadde eg Henny og Harald – som kvar skulle ha sine eigne gudstenester på søndagen – Beate som skulle preike, og Oddvar som spelte, men kjekkast var det å bli kjent med nokre av dei flotte folka som kom. Dei song med på alle salmane og dei liturgiske songane vi øvde på, teikna flotte teikningar, og fleire ville gjerne ha oppgåver dei kunne gjøre i gudstenesta. Beate fortalte litt om preiketeksten, om den sjuke ved Betestadammen som vart frisk (Joh 5,1-15), men sparde dei beste poenga sine til søndagen.

Diakoniutvalet i Nordsida hadde laga mat, og dei var ei god hjelp. Dei ordna og rydda og tok

seg knapt tid til å ete sjølve.

På søndagen var det gudstene-ste i Nordsida kyrkje. Nordsida er den einaste arbeidskyrkja i området vårt, og det er lett å leggje til rette for at alle skal kunne kome fram overalt.

Det var om lag ni menneske med funksjonshindringar som var med. Dei hjalp til med å dekka altaret under prosesjonen, bileta dei hadde teikna vart stilt ut, eg fekk hjelp til å dele ut nattverd, og Geir Lønne song for oss.

Soknerådet inviterte til kyrkjekaffi og det vart ei fin avslutting på ei helg som syner oss bredda i Guds rike. Alle menneske er skapt i Guds bilete.

Nattverd

av Hege Høibye

I luthersk tyding er nattverden likevel meir enn berre eit min-nemåltid. Luther held fast på det som kallast realpresens; at Jesus er reelt til stades i brød og vin med sin kropp og sitt blod. Nattverden er derfor også den plassen i gudstenesta der vi kan verte eitt med Gud; vi et og drikk, og det vi et og drikk blir del av vår kropp.

Dette er ein del av forklaringa på kvifor nattverden ligg der han ligg i gudstenesta. Vår gudstene-ste er bygd opp av to deler: Ordets gudsteneste, som byggjer på den jødiske synagoge-gudstenesta der vi les frå skrifta og forklarar det, og Måltidet: nattverden. Denne todelinga kjenner vi frå dei tidli-gaste kristne gudstenestene vi veit om. Ordets gudsteneste var ope for alle. I dei ortodokse kyrkjene heiter den katekumenanes gudsteneste: der deltok både kateku-menane, dei som fekk opplæring i den kristne trua men enno ikkje var døypte. Nattverden var berre for dei døypte; alle andre måtte

forlate staden før nattverden vart feira. I ortodokse kyrkjer heiter dette «gudstenesta til dei truan-de». I Den norske Kyrkja krev vi ikkje medlemsbevis av dei som kjem til nattverd, men framleis er dåpen grunnlaget for nattverden, og plasseringa av nattverden ligg såleis fast; nattverden kjem etter forkynning og dåp. Dåpen er inngangen til kyrkja. Nattverden er samkvem med Gud i kyrkja.

Nattverden er også høgde-punktet i gudstenesta, staden der himmel og jord møtest. Den ser bakover, til minne om Jesu siste måltid og hans død og oppstode, men også framover, til det him-melske måltidet i verda som kjem. Og nattverden skjer her og no; staden der Jesus har lova å vere til stades og møte oss. I nattverden blir Ordet kroppsleggjort på nytt, og vert gjeve til oss så vi kan ete og drikke. Der er den plassen han kjem ned til oss, slik at vi kan stige opp og verte eitt med Han.

Med bakgrunn i vedtak om samanslåing av Hornindal og Volda kommuner vedtok dei kyrkjelege fellesråda i desse kommunene å starte arbeidet med samanslåing av fellesråda i desse kommunene. Etter at kommunegrensa vart justert i juli 2018, vart Storfjord sokn inkludert i prosessen. Kyrkjeleg fellesnemnd(KFNV) er sett saman av: Jørgen Holte, leiar, Brynhild Lund Notøy, nestleiar, Ingunn Løset og Ella Vasskog for Volda sokn, Elsa Ommedal og Christine Helgesen Haugen frå Hornindal sokn, John Inge Bjøringsøy frå Storfjord sokn og Ingeborg Matre frå Søre Sunnmøre prosti, Margrete Bjerkvik representant for Fellesnemnda Nye Volda Kommune. I tillegg er det ei nemnd som arbeider med personalpolitiske saker. Kyrkjeverje i Volda Jostein Stråbø er frikjøpt i 20% som prosjektleiar.

Nosituasjon

Fellesnemnda er ferdig med kartlegging av nosituasjonen. Eksisterande leasingavtaler, leige -avtaler og avtaler om teneste-levering er gått gjennom. Nokre er sagt opp andre vert vidareført eller reforhandla. Fellesnemnda er i ei fase der eideomane vert gått gjennom og det vert utarbeidd plan for endring av grunnbøkene.

Grensejustering

Spørsmålet kva bispedøme Hornindal skal høyre til etter samanslåing er ute på høyring. Endeleg vedtak i bispedømeråda vert gjort i vår. Av høyrings-uttaler som er komne inn, tyder mykje på at Hornindal vert ein del av Møre bispedøme og Søre Sunnmøre prosti. Så langt har vi halde oss til det i planlegginga. Presteressursen vi søker om å ta med er ca. 50%. Soknepresten i Hornindal vert framleis i Nordfjord Prosti.

Fagplanar

Dei ulike sokna har ulike planar og rutiner. Det vert gjennomført eit delprosjekt som skal utarbeide framlegg til planar for: gudstene-stearbeid, trusopplæring, kyrkjemusikk og kulturarbeid og diakoni.

Personale

På møte i KFNV 04.02.2019 vart personalplan for 2020 vedteken. Alle tilsette har fått tilbod om arbeid frå 2020. Det har vore samtale med alle tilsette før framlegget til plan vart presentert. Nokre stillingar får litt endra innhald. Administrasjonen vert lagt til Volda. Felles-nemnda vil drøfte med Volda kommune om tilgang på lokale i SMIA. Det kan vere behov for lokale til møte og til samtale. Så langt har ein ikkje tenkt

fast bemanna kontor på SMIA.

IKT

KFNV tok tidleg tak i plan for løysingar innan IKT. Nemnda søkte Fellesnemnda for Nye Volda kommune om midlar til dette og fekk kr. 333.500. Ein samarbeider med IKT-tilsett i Fellesnemnda i Nye Volda kommune om dette.

Kulturbygging

Føre jul hadde KFNV samling for alle tilsette i Volda, Hornindal og Bjørke. Vi møttest på Josybuda. Der var det informasjon, servering og Quiz. Så reiste vi til Leira på konsert og til slutt var det kveldsbøn i Storfjord kyrkje. Det var eit godt opplegg for å verte betre kjende med kvarandre.

Framdrift

KFNV er godt i rute med arbeidet. Innan juni månad er planen at det skal gjerast vedtak innan økonomireglement, eigedom, IKT, fagplanar, organisasjonsplan og avtaler.

I fellesnemnda har det vore ein god tone. Alle ønskjer å finne gode løysingar for alle sokna. I det avsluttande arbeidet vert det viktig å ta med seg og bygge vidare på gode erfaringar frå dei ulike sokna.

Jobbmesse
2019 på
Hotel
Alexandra
i Loen

**For første gong
Kyrkja i Nordfjord på jobbmessa**
Tekst Olav R Faleide - Foto Knut Sigurd Gald

F.v. Kyrkjeverja i Stryn
Kari Synnøve Muri,
organist
Oddvar Bergset,
kyrkjegardsarbeidar
Roger Nygård
og kateket
Beate Nes



Onsdag 6. februar arrangerte Nav jobbmesse på Hotel Alexandra i Loen. Rundt 40 bedrifter frå Nordfjords seks kommunar deltok på denne hendinga for å presentere godt og vel 300 stillingar. Med eit variert og mangfaldig næringsliv i regionen er det stor etterspurnad etter arbeidskraft, og for første gong presenterte Kyrkja i Nordfjord seg her med sin eigen stand. Stryn Kyrkjelege Fellesråd er arbeidsgjevar for 20 stillingar, og i lokal målestokk såleis ein av dei middels store.

Grøn side Klimafakta
og miljøtips
Ansvarleg for "Grøn
side": Jon Ytrehorn

Vern om skaparverket Men vern også om dei unge, for ungt liv kan bli øydelagt av spekulantar!

Av Jon Ytrehorn

Når vi hører eller les ordet skaparverk går tankane gjerne til koden vår. Dei fleste av oss er glade både i bygda vår og landet vårt. Vi gler oss over born og ungdomar i hundretal som stiller opp i Ungdomens Kultur-mönstring med song og musikk som går til hjartet.

Og vi som er fleire generasjoner eldre sender gjerne ei bøn til Herren om at desse flotte kulturerbarane må få eit rikt og godt liv livet ut. Det er ei bøn som eg trur at Herren hører med glede!

Men der er andre grupper av vaksne som også gjer seg sine tankar. Dei bur ikkje i Stryn og Hornindal, men i andre land, i det grensesprengjande datateknologi- og digitalmiljøet som er å finne i fleire land i Europa. For slike stader er det pengar å hente, ja det fossar av nettkapital når ein har satsa på mil-

lioninntekter ved å etablere eit gamblingsselskap for unge og vaksne anten desse bur i Noreg eller andre land. For fleire slike selskap er det ekstra spennande å satse på å knyte kontakt med ungdomar i ulike land!

Har ein først vore i kontakt med eit gamblingsselskap anar ein raskt at her er det skummelt å halde fram. Det ein hadde håpa på skjer ikkje. Pengar ein har brukte er tapte, og nye inntektstoppar står ikkje i kø. Ein vel å heilt avbryte kontakten. Ein ung småbarnsfar i Oslo fortalte at han på kort tid hadde tapt 1,5 millionar på nettgambling! Kor mykje tenåringar har tapt er uråd å vite. Men hjelpeorganisasjonar kan fortelje at fleire unge har fått ei bør å bere som har skapt livslang fortviling.

Når unge eller eldre har sluttat går det ikkje lang tid før gamb-

lingsselskapet ringjer dei, lokkar med bonusar og sender dyre vinar i gave. Slik blir både unge og vaksne lokka til å halde fram. Unge menneske kan få ein knekk for livet av spekulantar dei ikkje kjenner og knapt vil møte.

Det er verdt å merke seg at fleire edruskapsorganisasjonar og hjelpeorganisasjonar som til dømes Blå Kors Norge no har teke initiativ til å be regjeringa om å stanse pengespel hos uregistrerte pengespelselskap. Les "Trekk Oljefondet ut av Gambling og Alkoholindustri." Eg tillet meg å oppmøde foreldre om å setje av tid til samtale med born og ungdomar og å snakke med kvarandre både for å gje kunnskap, skape trygge haldningar og gode verdiar.

Lukke til!

Helsing Jon

Påskemøte

17.-22. april - Påskemøte på Innvik Fjordhotell Misjonsheimen

Torsdag 18.-søndag 21. april
kl. 17-19.30: Kunstudstilling v/Kari
Bergh.

Akvarellane som blir stilt ut, tek utgangspunkt i dei tolv steinane og Arons kledning i 2. Mosebok kapittel 28.

Kari Bergh er oppvaksen og bur i Innvik. Ho har opp gjennom åra brukt ulike uttrykksformer, både akvarellmåling og tekstilarbeid. Ho har mellom anna dekorert frontveggen i møtesalen på Innvik fjordhotell med eit flott tekstilarbeid med kristen symbolikk.



Innvik Fjordhotell
Anna Marie S. Vatnamo
Dagleg leiar/manager
57 87 49 90
99 36 46 60
post@innvikfjordhotell.no

Oppne møte langfredag, laurdag og 1. påskedag kl. 11.00, og om kvar dag kl. 19.30.

Reidun og Kurt Hjemdal, Kari-Laila og Ove Aksnes deltek med song, tale, kåseri og leiing.

Gratis inngang. Kaffi og kake å få kjøpt.

Kurt Hjemdal held tale og Laila og Ove Aksnes deltek med song og gitarspel

Jon Ytrehorn:



BLÅ KORS MAGASINET RUSFRI · GENERALSEKRETÆREN HAR ORDET

*Bladet Blå Kors, Norge
nr. 2 - 2018.*

TREKK OLJEFONDET UT AV GAMBLING OG ALKOHOLINDUSTRI

DE SISTE ÅRENE HAR ANTALL PASIENTER som lider av spilleavhengighet økt i poliklinikene til Blå Kors. Det kan være mange årsaker til det. Ikke minst kan det skyldes våre dyktige ansatte, og et godt rykte om at pasientene får god behandling. Men det kan også skyldes at flere trenger hjelp.

Mange av våre pasienter har fortalt åpent om metodene til gamblingindustrien. Hvis du forsøker å slutte å spille, går det ikke lang tid før de tar kontakt. Gamblingselskapene ringer de spilleavhengige og lokker med bonuser, reiser til poker-turneringer eller sender dyre viner i gave. Alt for å få dem tilbake til spillebordet.

NYLIG FORTALTE EN AV VÅRE PASIENTER sin historie til en stortingspolitiker som var på besøk til vår poliklinik i Oslo. Det gjorde inntrykk å høre den unge småbarnsfaren fortelle om hvordan han på kort tid hadde tapt nærmere 1,5 millioner kroner på nett-gambling.

Det er uakseptabelt at utenlandske pengespillselskaper skal kunne holde på helt til folk blir ruinert på deres spill. Derfor er det gledeleg at Stortinget i mai vedtok ytterligere innstramninger.

Flertallet på Stortinget består av Ap, Sp, SV og KrF har blant annet bedt om at regjeringen stanser pengespill hos uregulerte pengespillselskaper ved å blokkere nettsidene deres. De vil også at regjeringen sørger for at folk hindres i å laste ned pengespill via apper. Dette er godt nytt for oss som er oppatt av å begrense spilleavhengighet.

STORTINGET VEDTOK OGSÅ at de vil ha en utredning om å trekke Statens Pensjonsfond Utland ut av investeringer i gamblingsselskaper. Statens Pensjonsfond Utland er også kjent som «oljefondet» og er vårt felles eie. Blå Kors er uenig i at det er nødvendig å utrede dette. Vi har allerede nok kunnskap til å vite at investeringer i gambling- og alkoholindustri ikke holder mål som gode etiske investeringer.

På Blå Kors generalforsamling i mai vedtok vi en resolusjon der vi ber regjeringen trekke ut alle investeringer i pengespillselskaper og i alkoholindustrien. Over 100 milliarder kroner er investert i slike selskaper.

DE STORE ØLBRYGGERIENE har blitt ut Afrika, India og en rekke andre asiatiske land som frem-

tidens mest lovende markeder. I Afrika ser de for seg 25 år med vekst i ølsalget. Men det som blir vekst for en bransje kan ført bli til en byrde for et utviklingsland. Alkoholindustrien jobber bevisst for å påvirke alkohollovene til land der de satser. Det er ikke landets folkehelse de har omsorg for – bare sin egen bunnlinje.

ALKOHOL HAR STORE NEGATIVE KONSEKVENSER for lands økonomiske og sosiale utvikling. Hvert år dør 3,3 millioner mennesker på grunn av alkohol på verdensbasis. Alkohol ligger på femteplass av risikofaktorer for tidlig død og dårlig helse. Spilleavhengighet rammer ikke bare helsemessig, men setter som nevnt også mange mennesker i bunnløs gjeld.

Det er et paradoks at mange av de selskapene som oljefondet har investert i, er selskaper som driver på en måte norske myndigheter ikke ønsker i eget land. Derfor må investeringene trekkes ut av alkohol- og gamblingindustrien, på lik linje med at man selvfølgelig ikke investerer i tobakkselskaper. ■



Vi har allerede nok kunnskap til å vite at investeringer i gambling- og alkoholindustri ikke holder mål som gode etiske investeringer.

Jan Elverum

AV JAN ELVERUM
GENERALSEKRETÆR,
BLÅ KORS NORGE



Solsteinen på plass i Innvik kyrkje

Tekst: Anna Marie S. Vatnamo

Foto: Geir-Ståle Vatnamo

Etter ein svært langtekkeleg prosess, så er endeleg solsteinen på plass inne i våpenhuset i Innvik kyrkje igjen. Av ulike grunnar har det tatt veldig lang tid. Solsteinen vart flytta ut for mange år sidan, fordi den stod i vegen for nytt sikringskap. Den stod ute på kyrkjegarden, men forvitra i ver og vind. Dei siste par åra har den lege innpakka i pressenning ute. Ein av kyrkjeterarane, Jens Rausenbach, laga skisse til korleis den skulle plasserast, og fekk starta forarbeidet med å ta vekk ei skapdør og lage til plass. I haust tok Utvik Tre på seg arbeidet med å få den på plass. Det vart retteleg fint. Vi takkar for vel utført arbeid!

Denne steinen er av kleberstein og er trapesforma med langsgåande lister og eit solkors hogge i relief.

Ein veit ikkje kor gammalt dette gravminnet er, men det er truleg frå før 1500. Det er tvilsamt om dette er ein gravstein i vanleg tyding. Det er heller eit lok som har hørt til på ei klebersteinkiste, for det liknar loket på liknande kister som finst på Historisk Museum i Bergen. Denne steinen vart funnen på den gamle kyrkjesteden opp på Hilde (på Gamle-Kyrkja) av Arne Larson Reme (1828-1909), som hadde kjøpt Hans-bruket, og steinen vart seinare lagt på grava hans. Ei tid stod steinen inne i kyrkjegangen før han vart flytt ut på kyrkjegarden att. No er steinen nok så ver-sliten, og han har ikkje hatt det godt av å stå utandørs. (Sitat frå jubileumsboka Innvik kyrkje, 175 år).



Solsteinen har fått eiga innramming og igjen vorte plassert i våpenhuset i Innvik kyrkje

Dugnad

Årleg dugnad på Nedstryn kyrkjegard

av Olav R Faleide

Faktaboks:

Rotary International er ein upolitisk, humanitær, frivillig organisasjon som vart stifta i 1905 av den amerikanske advokaten Paul Percy Harris. Rotary er organisert på klubbs-, distrikts- og internasjonalt nivå. Kvar rotarianar er medlem i sin eigen klubb. Klubben er igjen medlem av eit distrikt som igjen er medlem av Rotary International. Klubbane vel sine eigne leirarar kvart år og har eit vesentleg sjølvstyre innanfor Rotary sine lover. I tillegg til mange lokale og internasjonale prosjekt, har Rotary sidan 1979 arbeidd for å utrydde poliomelitt. Det starta som ein femårsplan for å skaffe og distribuere poliovaksine til 6 millionar born på Filippinane. Målet om å vaksinere alle born i verda mot poliomelitt i samarbeid med internasjonale, nasjonale og lokale Rotaryklubbar er snart nådd. Den første Rotary-klubben i dei nordiske landa var Kristiania Rotary Klubb i Oslo, stifta 1. juni 1922. Norge er no delt inn i sju rotarydistrikta med til saman 338 klubbar og ca. 13 700 medlemmer. Over ti prosent er kvinner, og kvinneandelen aukar. Stryn Rotary Klubb var stifta i 1974 og har 29 medlemmer. Fleire er velkomne!

Mellom dei lokale prosjekta som er omtala i faktaboksen her, er Stryn Rotary Klubb sin årlege dugnad på Nedstryn kyrkjegard. Denne «vårpussen» er noko klubben har halde på med i snart 20 år! Her samlast medlemmene til dugnad og steller og ryddar rundt kyrkja. Nokre gonger medfører dette litt meir om-

fattande prosjekt, og då tek klubben medlemmene kontakt med handverkarar og spesialiserte tenester som kan hjelpe til. I år var det rekrekverket ved trappa mellom øvre og nedre del på vestsida av kyrkjegarden, og her ser vi gelenderet har komme på plass.



Foto: Inge Fænn

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo

Første mars feira Eldbjørg Myklebust 100 år i lag med slekt og vener på Vikane Omsorgssenter. I tillegg til svært mange blomehelsingar kom det helsing frå kong Harald. Dessutan møtte ordførar Sven Flo opp med ein kjempestor blomsteroppsats på vegne av kommunen.

Utvik Barnekor

Det som kanskje overraska mest denne dagen, var Utvik Barnekor. Midt i selskapet gjorde dei inntog ilag med leiarane Edith og Eva Kårstad. Dei ville gje Eldbjørg ei gåve ved å synge. Eldbjørg har ofte vore til stades i Utvik kyrkje når koret har sunge, og set stor pris på den glade og friske bodskapen dei formidlar. Eldbjørg er ein trufast kyrkjegjengjar i Utvik. Så sant ho er heime møter ho til gudstene-ste. Kyrkja står henne nær.

Fritid og hobbyar

Som ung jente blei Eldbjørg glad i fjellet og gjekk lange turar. Veldig ung tok ho på seg å vere budeie på setrane i Ålfoten. Eldbjørg seier at det var mykje tungt arbeid med m.a. å bere melkehylkje på ryggen, som la grunnlag for hennar gode arbeidshelse. Før ho kom til



Eldbjørg Myklebust

Utvik som gardsjente, var ho 3 år handarbeidslærar i Davik. I seinare år har Eldbjørg spøta og hekla mykje fint til familien.

Oppvekst

Eldbjørg kjem frå Ålfoten. Dei var 5 sysken. 4 søstre og ein bror. Den eldste systera er i dag 102 år. Bur i Ålfoten og er ofte i telefonkontakt med Eldbjørg.

Dei vaks opp med ein far som var lærar, kyrkjesongar og sokne-rådsleiar, og ei mor som

Eldbjørg litt morosamt kalla «husmor delux».

Familie

Ho kom tidleg til Utvik og begynte her som gardsjente. Her fann ho mannen sin Arnvid. Han var bussjåfør i Firda Bil-lag og kørde godsrute mellom Utvik – Sandane og Førde. Dei gifta seg i 1948. I 1972 vart ho enke. Det var ei tøff tid for familién. Ho sat igjen med fire gutter som då begynte å bli vaksne. No har ho ein stor familie, med 13 barneborn og 14 oldeborn.

Allereide i 1968 begynte ho som hagebruksarbeidar på Langvin. Dette var sesongarbeid frå april til oktober. Elevane fekk nyte godt av hennar kunnskap når dei skulle dyrke plantar, frukt og bær. Ho kan hugse at ho arbeidde i lag med Olav Nesdal og anleggs-gartner Per Baarøy.




Ordføraren i Stryn kommune
Sven Flo overrekker jubilanten
ein flott blomsteroppsats frå
kommunen



Her er familie og gode venner samla rundt kaffibordet





Min salme

av
Arild Aabrek



Å velje ut ein spesiell salme, og seie at dette er min salme, min favoritt blant alle salmar eg kjenner, finn eg svært vanskeleg. Der er så mange, gode, innhaldsrike og i tillegg forskjellege salmar i salmeboka vår. Spesielle kvar på sin måte.

Som nærmast «oppvaksen» på bedehuset har eg spela piano til kor og forsamlingar i om lag 40 år no. Då er det interessant og gledeleg å oppleve at mange såkalla bedehussongar også har fått bli med i den nye salmeboka. Likevel fell valet mitt denne gongen på ein gammal salme frå 1875.

Eg hugsar dette som er ein av salmane vi måtte lære på skulen, og seie fram utanboks, ståande ved pulten i kristendomstimen. Det er nok også grunnen til at eg hugsar mykje av teksten den dag i dag.

Salmen eg snakkar om, er «Jesus du er den himmelweg» - av Elias Blix. Nr. 418 i salmeboka. Dette er ein typisk lærersalme. Innhaldet byggjer for ein stor del på sitat frå bibelen – presentert på vers. I løpet av 5 vers maktar Blix å presentere hovudinnhaldet i den kristne bodskapen på ein talande og samstundes poetisk måte.

I dei 4 første versa blir vi minna på; - At Jesus er vegen til Faderen, - at Faderen sende sonen til verda, men mange tok ikkje imot han, - at alle som tok imot han får retten til å kallast Guds barn, og - at Den Heilage Ande

gjennom Ordet viser oss at Jesus er Vegen og Livet.

Det siste verset er likevel det mest personlege. Her kan songaren leggje inn i teksten sitt eige tilsvar, ei bøn om å ville høre med til Jesu etterfølgjarar, dei som han leier gjennom livet, og til sist når fram til himmelen. Eg tykkjer at «Jesus du er den himmelweg» er ein fin, poetisk, og ikkje minst berekraftig lærersalme, som taler tydeleg til hjarta våre, framleis etter meir enn 140 år.

Litt om forfattaren; Elias Blix er ikkje nokon kven som helst når det gjeld salmedikting i Norge. Alle kjenner vi fedrelandssalmen «Gud signe vårt dyre fedreland» og songar som «No livnar det i lundar» og «Med Jesus vil eg fara». Blix har skrive heile 34 av salmane i salmeboka vår, og omsett 15 andre. Blix var både teolog, bibelomsetjar, salmediktar og politikar. M.a. var han kyrkjeminister i Sverdrups regjering. Han var med og omsette bibelen til landsmål, og i 1892 ga han ut ei salmesamling på 150 salmar på landsmål.

Tonen til «Jesus du er den himmelweg» er det Ludvig M.

Jesus du er den himmelweg

Tekst Elias Blix Melodi Ludvig M. Lindeman

Jesus, du er den himmelweg / som til Gud Fader oss leider. / Frelsa det er å finna deg, liv og uvisnande heider. / Du er all skapnings ljós og liv, / verdi då enn i myrker sviv, / vinglante vilt millom graver.

Ljoset det inn i myrkret skin, / myrkret det ikkje vil fata. / Gud sende verdi Sonen sin, / verdi då honom må hata. / Han millom sine eigne stend, / er då av sine ikkje kjend, / gjeng som ein framand i verdi.


Men dei som honom tok imot / og ifrå myrkret seg vende, / dei som i tru med bøn og bot / honom som Frelsaren kjende, / deim gjev han all sin barnerett, / føder deim atter til Guds ætt, / etter sitt namn han deim kallar.

Frelsaren til sin Fader fór, / der han oss rom ville reida, / sende so Anden sin til jord, / som oss til sanning skal leida. / Han ved Guds ord i Jesu namn / viser oss veg til himmelhamn: / Jesus er vegen og livet.

Jesus, eg høyra vil til deim / som etter deg du kan nemna! / Lat meg ved deg til himmelheim / dagleg få styra og stemna! / Utan din arm i miss eg gjeng / før du meg høgt på ørneveng, / til eg i himmelen hamnar!

Lindeman som har skrive – i 1840. Melodien i $\frac{3}{4}$ -takt er stødig og taktfast, og underbyggjer innhaldet i teksten på ein god og heilskapleg måte.

Til å skrive om min salme neste gong, utfordrar eg: Anitha Kvamme i Oldedalen.



Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim
~



Nokre av synsintrykka våre fester seg i minnet. Det meste gløymer vi. Ein fredagskveld nokre veker føre jul sat eg ved fjernsynet for å sjå dagsrevyen. Eg såg to bilde det er vanskeleg å legge bort.

Det var Black Friday. Utanfor eit kjøpesenter hadde tusenvis av menneske samla seg. Dei venta på at dørene skulle bli opna. Det gjaldt å kome fort inn og få fat i varer med 50, 40 eller 30 % avslag. Ein skulle mest tru at butikkane hadde vore stengde i mange veker eller år. No endeleg var dei tilgjengelege.

Alle veit at vi har fått ein ny trend denne fredagen. Noko som er kome frå U S A. Det må vere eit press utan like for forretningsfolka. Skal vi verkeleg støtte dette? Ein person kalla det "Dans rundt gullkalven".

Nokre minutt seinare kom det andre bildet. Ein barnekropp frå Jemen vart vist. Det var berre skinn og bein, så utmagra som det er mogeleg. Livet hang i ein tynn tråd.

Orda: Overflod i Norge og

svolt i Jemen, stod for meg. Heldigvis var det ei hand som tok seg av det lidande barnet. Mange barn har døydd sidan den kvelden, men mange har også vorte berga, ikkje ved at du og eg stelte dei, men ved at vi gav nokre pengar, så andre kunne vere hjelparar og at dei kunne ha medisinar, mat og drikke å dele ut.

Då siste nummer av "Fjordingen" kom føre jul, las eg det grundig. Kor mange gonger stod det i overskrifta: "På jobb for oss alle"? Mange, mange er på jobb for oss andre, ikkje berre i jula, men i heile året. På den måten får vi omsorg. Vi vart oppmoda om å sende desse folka litt omtanke og gjerne gje dei ei ekstra takk. Lat oss forsetje med det gjennom heile året!

Eg siterer eit avsnitt frå eit brev eg fekk i desember: "Eg hadde ei fin tid på omsorgsenteret. Eg blir imponert over alle desse folka, unge og eldre, som tek på seg slike omsorgsoppgåver med å hjelpe, lindre og trøyste dei sjuke og setje nytt mot i dei. Det trengst så inderleg vel, også i vår

tid."

Vi har mange teneste i helsevesenet, frå uteteneste til sjukehus og gravferdsbyrå. Vi har også mange i brannkorps, politi og vegvesen som syter for tryggleik. Så har vi mange som gjer stor innsats i barnehagar, skular og kyrkjer, og vi har butikkar, transport og mykje frivilig innsats i ulike organisasjonar. Som ei ramme rundt det heile, har vi dei folkevalde som styrer og prioritærer i landet vårt. *Kor ofte får dei takk?*

Lat desse setningane i dette kyrkjebladet vere ei takk til dykk alle som gjev omsorg.

Og du som er mor eller far, du har den første og største omsorgsoppgåva.

Henry Miller sa det slik: "En ting vi aldri kan få nok av er kjærlighet. Og den ene tingen vi aldri gir nok av er kjærlighet."

Jesus sa: "Eit nytt bod gjev eg dykk: De skal elske kvarandre. Som eg har elsko dykk, skal de elske kvarandre". (Joh. 13.34)

Og du som er mor eller far,
du har den første og største omsorgsoppgåva



Må dette året bli eit velsigna år for alle!

Kistevogn med teppe

Hornindal kyrkje fekk i 2017 ei større minnegåve i samband med gravferda til ein kjær og omtykt innbyggjar.

I samråd med familien kjøpte soknerådet inn ei kistevogn med teppe, sidan vi tidlegare hadde fått etterspurnad etter slik. Det er ikkje alltid at pårørande har mange nok pårørande som har styrke nok til å bere båra frå kyrkja til gravplassen, og då kan ei kistevogn vere til god hjelp.

I Hornindal har kyrkja fått fleire minnegåver, noko vi i soknerådet er svært takksam for.

E.A. Ommedal

Om de ynskjer å gje minnegåve til kyrkja/kyrkjelydsarbeidet er det fint om de kan gje eit hint om kva de som pårørande ynskjer gåva skal gå til og så får soknerådet prøve i fellesskap med dykk å oppfylle dette.



Hornindal sokn er nå registrert som Vipps bedrift. Dersom du ikkje har kontantar på deg, kan du nå likevel gje offer i kyrkja. Du må då logge deg inn på mobilen din og klikke på «betal». Så søker du opp «Hornindal kyrkje» og vippser den summen du vil gje.

Som ved alle banktransaksjonar er det også gebyr på denne tenesta, sidan vi er registrert som bedrift. Gebyret er 1,75 % av summen ein gjev. Dersom du t.d. gjev kr. 100,- i offer, kjem det kr. 98,25 inn på sokne-

Betaling med Vipps


rådet sin konto.

Vipps er sjølv sagt ikkje så anonymt som å gje kontantar. Kasserar vil sjå namnet ditt og kor mykje du gjev. Det er derfor viktig å formidle at kasserar har teieplikt.


Når du vippser er det fint om du samstundes kan skrive kva offer det gjeld og dato. Innkome offer blir som regel ikkje sett i bank same dag, så då er det fint å vite kva summen gjeld.

E.A. Ommedal





Slekt
skal følge
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene
Innvik prestegjeld, Hornindal prestegjeld, Stryn prestegjeld

Hornindal 2018 - 19

Døypt

17/11 *Simeon Oskar Osipchuk Taraldset.* For. Tatiana Osipchuk og Stian Taraldset
25/12 *Aleksander Ringdal Lund-Notøy.* For. Inger Marie Ringdal og Vegard Lund Notøy

Døde

13/11 Anny Dorthea Grodås f. 1931
19/11 Kari Haldis Lund f. 1936
15/1 Reidar Olav Tomasdard f. 1935

Olden 2018 - 19

Døypte:

06.01 *Emma Alejandra Høgalmen – Holko.* For.: Alexander Høgalmen – Holko og Birte Krogh – Holko.
06.01.19. *Tomine Fløtre Melheim.* For.: Stig Melheim og Malin Fløtre.

Døde

27.12. Kathrine Høgalmen, f. 1988
29.01. Aslaug Galtung, f. 1922.

Utvik 2019

Døde

07.02 Agnes Lunde Verlo, f. 1923

Innvik 2018 - 19

Døde:

01.06. Atle Skaaden, f. 1941.
09.06. Odd Drageset, f. 1934.
20.06. Bjarne Jonsson, f. 1930.
24.01. Unni Elin Guddal, f. 1949

Loen 2018 - 19

Døypte

11/11 *Mathias Sæten Aarøen*
For. Anita Sæten og Torgeir Aarøen
24/2 *Natalia Orlayova*
24/2 *Sofia Inthira Hogrenning*
24/2 *Amalie og Ariel Erstad Hole*

Døde

6/12 Alvhild Opheim f. 1930
19/12 Aagot Lunde f. 1926

Oppstryn 2018 - 19

Døypte

9/12 *Sakarias Nesje Grov.*
For. Kristine Nesje og Thomas Bjerkenås Grov
6/1 *Martines Nikolai Berstad.*
For. Jeanette Nygård og Espen Berstad
3/2 *Oliva Berstad Hesjedal.* For.
Andrea Krogh-Berstad Hesjedal og Odd Inge Thorkildsen Hesjedal
3/2 *Vilde Rake Tonning.* For.
Stine Katrin Rake og Asgeir Tonning

Døde

13/11 *Johan Nesheim* f. 1926
6/12 *Inga Fossheim* f. 1926
9/2 *Børge Svenn Kolstad* f. 1939
21/2 *Wenche Cecilie Nesheim* f. 1963

Nedstryn 2018 - 19

Døypte

25/11 *Frøya Pettersen Sagebø*
For. Veronicha Celine Tømmerstøl Pettersen og Ørjan Sagebø-Kolseth Døypt i Sør Vågsøy kyrke
2/12 *Emine Garlid Lindvik* For.
Michelle Lindvik og Otto Garlid
16/12 *Henrik Flo.* For. Elin Fallingen Aaboen og Odd Arne Flo
Døypt i Nordberg kyrkje
30/12 *Sofia Maurset Bicet.*

For. Marianne Røe Maurset og Albert Bicet Toreau

27/1 *Levi Lyslo Bø.* For. Heidi Anita Lyslo og Tor Andreas Bø
10/2 *Sanna Brynestad Drågen.*
For. Therese Nesse Brynestad og Ronny Drågen

Forbøn

16/6 Frida Bergset og Rohan Palakal

Døde

28/10 Tore Geir Aaland f. 1951
5/11 Anders Hilde f. 1935
6/12 Svein Harald Øvreberg f. 1945
24/12 Bjarne Tonning f. 1929
25/12 Audhild Marie Aarnes f. 1927
3/1 Kari Eikenæs f. 1928



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avis "Fjordingen".

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja.

12. april; fredag

- Kulturhuset, Stryn 09:00
Skulegudsteneste
- Loen 12:30 Skulegudsteneste
Ved Hege Høibye

14. april; Palmesøndag

- Joh 12, 1-13
- Loen 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste
Ved Harald Runde
- Hornindal 11:00 Gudsteneste
Ved Hege Høibye
- Ljosheim, Oldedalen 19:00
Gudsteneste Ved Harald Runde

18. april; Skjærtorsdag

- Joh 13, 1-17
- Innvik 11:00 Gudsteneste
Ved Harald Runde
- Bøasætra, Stryn 12:00
Friluftsgudsteneste
Ved Henny Koppen
- Bruasetra, Hornindal 12:00
Friluftsgudsteneste
Ved Hege Høibye
- Oppstryn 20:00 Gudsteneste
Ved Henny Koppen
- Nordsida 20:00 Gudsteneste
Ved Hege Høibye
Kveldsmat etter gudstenesta

19. april; Langfredag

- Matt 26, 30-27,50
- Nedstryne 11:00 Pasjonsguds-teneste. Ved Henny Koppen
- Olden 20:00 Pasjonsguds-teneste Ved Harald Runde
- Hornindal 20:00 Pasjonsguds-teneste Ved Hege Høibye

20. april; Påskennatt / Ottesong

- Rom 6, 3-11 Mark 16, 1-8

- Hornindal 23:00 Gudsteneste
Ved Hege Høibye

21. april; Påskedag

- Joh 20, 1-10
- Nedstryne 11:00 Høgtidsguds-teneste Ved Ingrid Finsådal
- Olden 11:00 Høgtidsguds-teneste Ved Harald Runde
- Hornindal 11:00 Høgtidsguds-teneste Ved Hege Høibye
- Oppstryn 13:00 Høgtidsguds-teneste Ved Ingrid Finsådal
- Randabygd 14:00 Høgtids-gudsteneste Ved Hege Høibye

22. april; 2. påskedag

- Joh 20, 11-18
- Nordsida 11:00 Høgtidsguds-teneste. Ved Henny Koppen
Søndagsskule på kyrkjeloftet
- Loen 18:00 Salmekveld
Ved Henny Koppen

28. april; 2. s i påsketida

- Joh 20, 24-31
- Nedstryne 11:00 Gudsteneste
Ved Hege Høiby

04. mai; laurdag

- Nedstryne 11:00 Konfirmasjon
Ved Henny Koppen
- Utvik 11:00 Konfirmasjon
Ved Harald Runde
- Hornindal 11:00 Konfirmasjon
Ved Hege Høibye
- Loen 13:00 Konfirmasjon
Ved Henny Koppen

05. mai; 3. s i påsketida

- Mark 6, 30-44

- Nedstryne 11:00 Konfirmasjon

Ved Henny Koppen

- Nordsida 11:00 Konfirmasjon

Ved Hege Høibye

- Oppstryn 20:00 Salmekveld

Ved Henny Koppen

11. mai; laurdag

- Oppstryn 11:00 Konfirmasjon
Ved Henny Koppen
- Innvik 11:00 Konfirmasjon
Ved Harald Runde
- Randabygd 11:00
Konfirmasjon Ved Hege Høibye
- Olden 13:00 Konfirmasjon
Ved Harald Runde

12. mai; 4. s i påsketida

- Joh 14, 1-11
- Nedstryne 11:00 Konfirmasjon
Ved Henny Koppen

17. mai; Fredag

- Luk 17, 11-19
- Nedstryne 09:30 Gudsteneste
Ved Henny Koppen
- Nordsida 10:30 Gudsteneste
Ved Hege Høibye
- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
Ved Henny Koppen
- Olden gamle kyrkje 11:00
Gudsteneste
- Innvik 11:30 Gudsteneste
Ved Harald Runde
- Randabygd 12:00 Gudsteneste
Ved Hege Høibye
- Hornindal 12:00 Gudsteneste
- Loen 13:00 Gudsteneste
Ved Henny Koppen
- Utvik 13:00 Gudsteneste
Ved Harald Runde

19. mai; 5. s i påsketida

- Joh 17, 6-11
- Rakssætra, Loen 13:00
Friluftsgudsteneste
Ved Henny Koppen
- Olden 11:00 Gudsteneste
Ved Harald Runde
- Nedstryn 19:00 Salmekveld
Ved Henny Koppen

26. mai; 6. s i påsketida

- Matt 6, 7-13
- Nordsida 11:00 Gudsteneste
Ved Hege Høiby
Søndagsskule på kyrkjeloftet

30. mai; Kristi himmelfartsdag

- Joh 17, 1-5
- Nedstryn 11:00 Gudsteneste
Ved Henny Koppen
- Innvik 11:00 Gudsteneste
Ved Harald Runde
- Honndalssetra Hornindal
12:00 Friluftsgudsteneste
Ved Hege Høiby

02. juni; Søndag før pinse

- Joh 16, 12-15

- Oppstryn 11:00 Gudsteneste
Ved Henny Koppen
- Ljosheim, Oldedalen 14:00
Gudsteneste Skaparverkets dag
Ved Harald Runde

09. juni; Pinsedag

- Joh 14, 23-29
- Nedstryn 11:00 Høgtidsguds-
teneste Ved Henny Koppen
- Olden 11:00 Høgtidsguds-
teneste Ved Harald Runde
- Hornindal 11:00 Høgtidsguds-
teneste Ved Hege Høiby

10. juni; 2. pinsedag

- Joh 7, 37-39
- Bergsetnausta-Nordsida
12:00 Naustmesse

16. juni; Treeinigssøndag

- Luk 24, 45-48
- Loen 11:00 Gudsteneste
Ved Henny Koppen
- Olden 11:00 Gudsteneste

Ved Harald Runde

- Kvalen, Randabygd 13:00
Friluftsgudsteneste
Ved Hege Høiby

23. juni; 2. s i treeingstida

- Joh 3, 1-13
- Nedstryn 11:00 Gudstenesete
Ved Henny Koppen
- Utvik 11:00 Gudsteneste
Ved Harald Runde

30. juni; 3. s i treeiningstida

- Mark 10, 13-16
- Hornindal 11:00 Gudsteneste
Ved Hege Høiby
- Erdalsætra, Oppstryn 14:00
Friluftsgudsteneste

07. juli; 4. s i treeiningstida

- Matt 9, 35-38
- Innvik 11:00 Gudsteneste
Ved Harald Runde
- Selja, Selje 12:00
Seljumannamesse

Treng du kyrkjeskyss?

Soknerådet i Nedstryn
vil organisere skyss
for dei som treng det.
Dersom du vil vere
med på denne
ordninga kan du ringe
til Henny Koppen
916 01 630 eller Svein
Rønne 404 17 268.

KAFFEKROKEN

© Hans Johan Sagrusten

0510 1



Informasjon/ Fulldistribusjon

Returadresse: Rindane, 6788 Olden

Konfirmantjubileum i Vikane hausten 2018

Tekst: Anna Marie S. Vatnamo

Foto: Geir-Ståle Vatnamo

9. september var det konfirmandjubileum for Innvik og Utvik. Etter gudstenesta i Innvik kyrkje, var det middag, kaker og kaffi, og sosialt samvær på Innvik fjordhotell. Konfirmanthane kosa seg både vel og lenge utover ettermiddagen.



80-årskonfirmant Kjellaug Dokset Øiestad



70-årskonfirmant Edith Hilde Flatland



60-årskonfirmantane: F.v.: Sokneprest Harald Runde, Ivar Edvard Hilde, Helge Dokset, Berit Elisabet Kopren, Kåre Stensaker, Alvild Almenning og Bjarne Berge. Oddlaug Tisthamar var også med på jubileet, men var ikke med på biletet.



50-årskonfirmatane: Framme f. v.: Sokneprest Harald Runde, Rønnaug Berge Olsen, Anne Elin Kobbeltvædt, Margunn Valaker, Berit Holen Nygård og Torill Bennæs. Bak f. v.: Alv Heggdal, Johan Berge, Magne Berge og Bjørn Tisthamar.

Siv Øiestad Rygg har lagt ved eit foto og skriv: "Mor mi, Kjellaug Øiestad, var 80 - årsjubilant den dagen. Edit Flatland var konfirmert for 70 år sidan og Berit Kopren for 60 år sidan. Desse tre damene er kusiner". Her saman med sokneprest Harald Runde. Siv skriv vidare: "Vil elles legge til at det var ei kjekk stund på Misjonsheimen etterpå, med middag og kaffi".



Neste nummer får du i posten rundt 26. juni. Redaktør vert Olav R. Faleide.
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: post@kyrkjeklokka.no innan 24. mai.